


Bneiflabben Barnehage



2022



Hovudnummer
92 32 59 59

Dagleg Leiar
95 40 92 09

Kråkebolla
46 88 64 99

Blekspruten
46 89 44 14



Frukost

- 08:00 - 08:30
- Grov bakst
- Frukostblanding
- Yoghurt
- Graut
- Gulrotlappar
- Dopause, bleiebyte og blund #1



Lunsj

- 11:00 - 12:00
- Varm lunsj
- 1/3 kjøt, fisk, protein
- 1/3 Grønt
- 1/3 potet, ris, pasta, karbohydrat
- Dopause, bleiebyte og blund #2



Frukt

- 14:00 - 14:30
- Grønsaker
- Frukt
- Knekkebrød
- Supper
- Dopause og bleiebyte



Innhold

Breiflabbens Barnehage.....	4
Formelle krav.....	6
Rammeplanen	6
Pedagogisk plattform	9
Kommunikasjon, språk og tekst	10
Kropp, Rørsle og helse	11
Kunst, kultur og kreativitet.....	12
Natur, miljø og teknologi.....	13
Mengd, rom og form	14
Etikk, religion og filosofi	15
Nærmiljø og samfunn.....	16
Informasjon	18
Avdelingane	18
Frå liten til stor	19
Oppstart.....	19
Kosthald.....	19
Sikkerheit.....	20
Foreldresamarbeid	20
Planlegging, dokumentasjon og vurdering.....	20
Skulestart.....	21
Utviklings- og satsingsarbeid	22
Kråkebolla.....	22
Blekkspruten.....	22



Breiflabben Barnehage

Breiflabben Barnehage er ikkje ein stad eller ein idé. Breiflabben er oss. Me vaksne som jobbar her, barna som veks opp her og ikkje minst foreldra som gir oss tillit til å ta vare på det kjæraste de har i verda.

Breiflabben Barnehage er - og skal alltid vere - ein god og trygg møteplass for både vaksne og barn. Me vil at du skal kjenne deg som heime når du kjem inn døra hos oss. Hos oss er de ein del av våre liv, og me ein del av dykkar. Barndom er noko me gjer saman. Felles verdiar og felles mål. Glede, fellesskap og styrke - alt på ein gong.

Samstundes som me vil at barnehagen skal vere prega av nærleik skal de og kunne stille krav til oss. Me har ei rekke formelle rammer rundt drifta vår, og det som skjer skal vere av fagleg høg kvalitet. Me har difor denne årsplanen som skal fungere som ein arbeidsplan og hjelperciskap i planlegging, utføring og evaluering av innhaldet vårt. De som foreldre skal finne viktig informasjon om barnehagen og vidare skal barnet kunne aktivt bruke årsplanen til å dokumentere si eiga oppvekst. Kommunen skal òg nytte årsplanen, det er nemleg eit viktig utgangspunkt for tilsyn og slik sikrar me at me gjer jobben vår slik me skal.

For oss var 2021 friluftslivets år i Breiflabben, og nettopp friluftsliv er kjernen i drifta vår. Og i sentrum av friluftslivet står naturen. I 2022 skal me oppleve naturen frå ei ny side, kor historie, tradisjon og natur kryssast: Vikinghagen! Ja, me har kjøpt oss ei tomt på 1,5 mål kor me skal dyrke landet, slik kystbøndene gjorde før oss. Jord skal pløyast, frø skal plantast og mat skal haustast – og om alt fell på plass kjem dei fyrste dyra våre til gards.

Me ynskjer velkommen ombord og ber dykk spenne dykk fast for nok eit sprekt år.



Tor Anders Eikeland

Dagleg leiar





Formelle krav

Barnehagens utforming og innhold vert regulert av barnehagelova og rammeplanen, samt mellom anna arbeidsmiljølova og lova om barnevern. Me samarbeider med ulike instansar for å sikre kvalitet i drifta. Alle desse lovene kan ein lese meir inngående om på lovdata.no.

Barnehagelova

Dette er ei lov som regulerer drift av barnehagar med utgangspunkt i eit tett samarbeid mellom barnehage og heim, samt på kryss av ulike instansar. Barnehagelova framhevar at barn skal få utfolde skaparglede, undring og utforskarkrond, samt utvikle sjølvstende og omsorg for andre menneske og natur. Dette er verdiar som er viktige for oss i Breiflabben.

Barnehagelova stiller òg krav til pedagogisk innhold, mål og vurdering. Desse er nærmere forklart i rammeplanen som vert presentert seinare.

Barnevernlova

Denne lova har til hensikt å sikre at alle barn og unge som under forhold som kan skade helse og utvikling får den hjelp og omsorg dei treng. Barnehagar har eit ansvar for å bistå i å oppdage, utredning og oppfølging av barnevernssaker. Med få særskilte unntak skjer dette arbeidet i samarbeid med heimen, og ein skal ha ein saksgang som sikrar barnets beste og samstundes tek vare på heimen som heilskap.

Arbeidsmiljølova

Dei vaksne som jobbar i barnehagen har og rettar som skal sikre sosial trivsel og ein helsefremjande arbeidsplass. Breiflabben er set det som eit mål at våre tilsette skal ha dei beste arbeidsforhold på alle vis. Den viktigaste faktoren i ein god barnehage er gode vaksne - difor gjer me alt for å løfte kvarandre. Me har tett dialog på fysiske tiltak på arbeidsplassen, samt utvikling av eit trygt psykososialt arbeidsmiljø.

Rammeplanen

Rammeplan for barnehagens oppgåver og innhold regulerer mykje av det som skjer i barnehagen, og i dette kapittelet skal me presentere dei viktigaste elementa frå rammeplanen og korleis me i Breiflabben arbeider mot desse.

Danning

Danning er det som sit att i oss når alt me har lært er gløymt. Det er evna til å reise seg etter eit fall. Det er viljen til å prøve på nytt når ein har feila. Det er verdiar, meininger og sjølvkjensle. For å sikre ei god danning skal me i Breiflabben møte tilpassa utfordringar, både fysiske og sosiale. Me skal få bistand om utfordringa vert for stor, slik at ein i alle situasjonar kjenner meistring. Danning skjer i krangelen om spaden, i omsorgen ein får og gir, i treet ein klatrar i og i fellesskapet ein er ein del av. Ein Breiflabb skal ha sjølvtillit til å stå rak i stormen, omsorg til å løfte dei som treng hjelp og styrke til å bære si eiga bør. I Breiflabben meiner me at danninga skjer best i eit naturleg miljø, i direkte kontakt med dyr, planter og klima - i eit fellesskap med rom for kvar enkelt.





Omsorg

Omsorg er noko me skal lære å både gi og få. Me skal kjenne på og forstå verdien i det å ta vare på oss sjølv, andre og verda. Omsorg er noko me har for andre menneske, for dyr, for planter, ja, for heile verda.

Hos ein Breiflabb ser du denne omsorga når nokon fell og slår seg: Me spør om det går bra, me hjelper dei opp, me trøystar, klemmer og bles på såret og hentar ein vaksen.

Omsorg er nøkkelen til tryggleik, noko som har direkte påverknad på vår fysiske helse. Dei barna som kjenner på tryggleik lærer betre, det same gjeld for dei som er fysisk aktive. Her hos oss dekkjer me begge desse faktorane.



Venskap og fellesskap

Det å vere ein ven og ein del av eit fellesskap er ein viktig del av utviklinga vår. Hos oss skal alle kjenne seg viktige. Ein skal lære seg å vere ei positiv og god brikke i heilskapen, samstundes som ein skal lære å handtere negative møter. Ein skal ikkje skjermast frå utfordringar, men lære seg å snu situasjonen til noko positivt. Ein skal lære å uttrykke sine meningar, og å lytte og tolerere andre sine meningar. Ein skal oppleve verdien av gode møter, og lære å skape slike gode møter sjølv.

Leik

Leik er det viktigaste elementet av barndomen. Leiken er ein refleksjon av vaksenverda, og det er her me vaksne kan sjå kva som er viktig for barn. I Breiflappen nyttar me observasjonar frå leiken til å orientere oss om kva barna er opptatt av, og samstundes som me observerer leik skal me delta. Me skal lage rom for barnas leik, og bistå alle i å få gode leikeopplevelingar dagleg.



Læring

Læring skjer overalt, og særskilt i ein god leik, i eit trygt fellesskap, ber leiken frukter. Gjennom forsking veit me at aktiv leik styrker barns evne til konsentrasjon og læring. Difor legg me vekt på veksling mellom aktivitet og kvile i barnehagen. Me opererer me tre læringsfasar i kvardagen: Førebuing, Oppleveling og refleksjon. Dette kan vere alt frå små og kortsiktige prosjekt til prosjekt som varer gjennom året. Dette legg til rette for maksimalt utbytte for barna.

Verdiar

Barnehagen skal vere prega av trivsel, venskap og leik. Barna skal kjenne seg som ein viktig del av sin eigen kvardag - gjennom å uttrykke si eiga mening i eit demokrati med rom for mangfold og gjensidig respekt. Det skal vere rom for alle, gjennom allsidige møter med lokal, nasjonal og internasjonal tradisjon og kultur. Ein skal oppleve likestilling og likeverd og barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

Breiflappen er ein barnehage som nyttar det meste av tida i eitt med naturen, og me skal lære om vår rolle som ein del av planeten. Berekraftig utvikling er difor eit viktig ledd i vår kvardag. Me skal dekke våre behov i dag utan at dette går på bekostning av framtidige generasjonar. Me skal hauste av naturen på berekraftig vis og nyttar prinsippet sporlaus ferdsel. Gjennom direkte kontakt med



naturen skal me lære å setje pris på alt rundt oss. Vårt forhald til naturen og klima skal vere prega av glede og omsorg, ikkje frykt.

Kosthald og helse står sentralt i Breiflabbens. Me skal tilby mat som inneholdt alt barna treng for optimal vekst, samstundes som måltida er prega av matglede og meistring. Kosten er byggeklossane til kroppen, og difor må den vere rett!

Borns medverking

Det å få sei meininga si om sitt eige liv, og kjenne på at ein kan påverke og forme sin eigen kvardag er viktig for alle. Me skal leggje til rette for at barna skal få medverke i tråd med alder, utvikling og dei individuelle behova og føresetningane deira. Me skal oppmuntre barna til å delta aktivt i både planlegging og vurdering. Dette gjer me via daglege barnemøter både morgen og ettermiddag, samt ein vaksenkultur som inviterer til den gode samtalen.

Men ikkje all medverking skjer gjennom ord. Me vaksne skal vere engasjerte i barnas kvardag og oppdage ynskjer og meiningar som ikkje alltid kjem fram. Me ser det i blikk, usikkerheit, leik og anna. Observasjonar og systematisk evaluering av kulturen i barnegruppa skal drive mykje av innhaldet i kvardagen. Det å ta alle barn på alvor har alltid vore viktig i Breiflabbens.





Pedagogisk plattform

I Breiflabben ligg kropp og natur heilt sentralt i vår tilnærming til barn og barns utvikling. Det å få bryne seg på varierte og utfordrande oppgåver i komplekse omgivnadar er nøkkelen for sterke og sjølvsikre barn. Det får me best til i naturen med leikne vaksne som guide.

Difor kallar me oss ein friluftsbarnehage! Og difor vil de sjå att natur og naturopplevingar i alle ledd av kvardagen.

Me skal vere ein liten og nær barnehage, kor du kjenner alle du møter - og det same gjer barnet ditt. Hos oss skal de ha dykker andre heim. Friluftsfilosofen Sigmund Kvaløy Setreng seier at miljøet og omgivnadane du veks opp i definerer deg, og dette er me einige i. Han meiner vidare at utviklinga av eit godt sjølvbilete skjer best i direkte kontakt med ressursar som er vanskelege å utvinne. Og ja, me Breiflabbar likar å jobbe for å få det slik me vil. Det me har jobba hardt for betyr meir enn det me får servert på sølvfat. Dette er verdiar me vil gi barna. Og dette er friluftsliv. Muskelkraft framfor motorkraft.

Rammeplanen definerer sju fagområde som er særskilt viktige i barnehagen. I Breiflabben meiner me at alle desse vert best følgjt opp gjennom friluftsliv. Under kvart fagområde har me utvikla progresjonsplan for barna som dannar vår pedagogiske plattform.

Over dei neste sidene skal me presentere vår progresjonsplan for dei ulike fagområda. Ein progresjonsplan fortel korleis, kvifor og kva me ynskjer å få til med dei ulike alderstrinna. Og under kvart fagområde vil me fortelje litt om kvifor friluftslivet er den beste arenaen for utvikling.





Kommunikasjon, språk og tekst

Språket er tankanes verktøy, og når man får direkte kontakt med konkrete naturlege materialar går begrepsslæringa raskare. Leik utandørs vert meir kreativ og gjer ein betre blanding på tvers av alder og kjønn - Ein får altså fleire språklege rollemodellar i friluftsliv. Ein ser og at barn er meir inkluderande i leik ute. Vidare veit ein at barn som vert lest mykje for lærer å lese raskare. Gjennom ein felles kjærleik til språk, song og tekst skal me i Breiflabbens bade barna i språk. Forskning avdekkjer òg at det er korrelasjon mellom språklege og motoriske problem hos barn, difor er det viktig å ikkje gløyme kroppen i språkarbeidet. Forskning avslører faktisk at barn i friluftsbarnehagar er betydeleg sterkare motorisk enn andre barn.

Kommunikasjon, språk og tekst

Skape eit sterkt språkmiljø

Utforske ulike kommunikasjonsformer

Stimulere språkleg utvikling

0-2 år

- Oppleve song, rim og regler med fokus på rørsle
- Oppleve språkglede ein-til-ein og i fellesskap
- Utforske verbal- og nonverbal kommunikasjon
- Sjå byrjande samanheng mellom ord og konkretar
- Gjenkjenningsleik, lydleik og lydforming

3-4 år

- Være kjent med bokstaven sin
- Nytte språk i kjenslehandtering
- Lese bøker, tradisjonseventyr, vitser og enkel gjenforteljing
- Delta i gruppessamtalar, og erfare turtaking og vidareføring
- Utvikle forståing for synonym, antonym og homonym

5-6 år

- Skrive namnet sitt
- Leikelese og -skrive
- Gjenfortelje eventyrn samt utforske rim og diktning
- Lytte til, forstå og forklare eigne og andre sine kjensler
- Kopling av bokstav og bokstavlyd



Kropp, Rørsle og helse

Mykje sitting og generell inaktivitet fører barns helse inn i ein nedgåande trend. Databruk, fjernsyn og stadig urbanisering vert trekte fram som potensielle syndarar. Bilens sentrale rolle i kvardagen, samt vaksenstyrt fritid, spelar og ei sentral rolle. Friluftslivet er ein god medisin mot denne utviklinga. Beina vert transportmiddel og naturen trer inn i rolla som kreativitetssenter framfor skjermar. Me vil gjere barna til ein aktiv del av deira eigen kvardag. Om ein tek ein evolusjonspsykologisk vinkling på mennesket kan ein vidare konkludere med at hjernen først og fremst er forma for å koordinere kroppens rørsler, og at alle kjensler og tankar er bivirkningar av vårt behov for å styre kroppen. Det gir eit ganske avslørande bilet av kor viktig ein sunn kropp er.

Kropp, rørsle og helse

Efare variert terren og landskap

Skape tilpassa utfordringar i eit naturleg leikemiljø

Sunn og variert kost med fokus på deltaking og matglede

0-2 år

- Møte med nærmiljø på lavt nivå
- Delta i fellesskapet i barnehagen
- Få settje ord på meininger og kjensler
- Verte tatt på alvor

3-4 år

- Oppleve eigarforhold til barnehagen
- Møte ulike lokale biotopar og lære å ta vare på dei
- Oppleve diskusjon og refleksjon kring samfunnet
- Få påverke kvardagen

5-6 år

- Oppleve lokalhistorie og utforske kulturell variasjon
- Få påverke samfunnet
- Få byrjande innsikt i rettiheiter og plikter
- Utforske si rolle som samfunnsborgar



Kunst, kultur og kreativitet

Utan kroppen og dens erfaringar i ein konkret natur ville verda mangle farge, lyd, kjensle, form og rytme. Førstehandserfaring med komplekse materialar gjer eit sterkare inntrykk og lar barna gje eit sterkare uttrykk. Våre estetiske prosjekt finn me altså i møtepunktet mellom barndom og natur.

Vidare tek me barnas kreativitet ut i lokalsamfunnet via forskjellege formater som ein årleg marknad, besøk ved institusjonar og anna. Barnas kultur skal vere eit deltakande innslag i nærmiljøet.

Kunst, kultur og kreativitet

Oppleve skapar-
og
formidlingsglede

Nytte sjølvskaffa
materialar frå
naturen

Oppleve ei
bredde av
materialar og
teknikkar

0-2 år Oppleve variert formingsmateriale ved å male, klippe, likme, teikne og forme
Sansar og kropp skal møte kunstverda og formidle tankar og meininger
Introduksjon av instrument og musikk i kvardagen

3-4 år Ha kjennskap til fargar og oppleve fargesamansetningar
3-4 år Nytte saks, kniv, lim og andre reiskap i kunstframstilling
Delta i utvikling av komplette og langvarige prosjekt
Planleggje og gjennomføre ei teaterframsyning

5-6 år Utvikle brukskunst med utgangspunkt i barns medverknad
5-6 år Verte trygg på scena
Forstå fargeendring i natur og skydekke
Sangglede i overgongen til skulen



Natur, miljø og teknologi

Sjølvrealisering og sjølvutvikling er avhengig av identifisering med andre levande vesen. Når me i breiflabben gjer barna ei rekke møter med ein levande natur får dei spegle seg og utvikle seg i tråd med anna liv. Ein skal ikkje ha frykt for natur og miljø, ein skal ha kjærleik. Me skal gå inn i naturen og verte ein del av den. Me kallar det identifikasjon gjennom handling! Når me opplever glede i naturen, vert me glade i den - og når me vert glade i nokon vil me ta vare på dei. Miljøvern gjort enkelt. Den teknologien me møter skal alltid reflektere vårt naturvennlege perspektiv - og samstundes leggje til rette for at barna er oppdaterte og kompetente. Me praktiserer sporlaus ferdsel og berekraftig bruk av omgivnadane våre.

Natur, miljø og teknikk

Oppleve
kjærleik til
naturen

Danne ei
grunnleggjande
forståing for
berekraft

Få kjennskap til
ulik teknologi

0-2 år

- Oppleve varierte naturlege biotopar
- Oppleve enkelt friluftsliv
- Erfare både rørsle og kvile i naturen
- Nytte teknologi i møte med naturen
- Ha betydelege innslag av natur inne på avdelinga

3-4 år

- Praktisere sporlaus ferdsel
- Samtale om naturfenomen og nytte bevisst terminologi
- Nytte naturen til fleire føremål: Mat, kunst, leik og meir
- Inkludere naturlege materialer i alt me gjer
- Oppleve økologisk landbruk i hagen

5-6 år

- Utforske antroposentrisme og vurdere vår rolle i naturen
- Utforske biosentrisme og skape rom for naturen
- Eksperimentere med fysikk og kjem
- Overnatting i skogen med tilhøyrande friluftsaktivitetar



Mengd, rom og form

Naturen tilbyr størst rom for varierande impulsar og kompleksitet som er naudsynt i utviklinga av spatial forståing. Forskning syner at barn trekkes mot naturlege og komplekse materialar og her oppstår den beste konstruksjonsleiken. For oss vert friluftslivet ein katalysator i læring og utvikling. Me skal nytte naturmateriale i læringa, og tek utgangspunkt i prinsippet om kompleksitet i sanseinntrykka i både formelle og uformelle læringssituasjonar.

Mengd, rom og form

Oppleve matematisk glede og meistring

Konkretisere matematiske elemend i kvardagen

Skape eit miljø som inviterer til læring

0-2 år
Oppleve songar og eventyr med teljing
Oppleve eit allsidig leikemiljø som stimulerer læring
Utforske mønster, form og farge via sorteringslek
Enkel og lystbetont teljing
Utforske storleikar

3-4 år
Byrjande forståing for talsymbol
Beskrive former og mønster
Veging og måling i matlagning
Gode opplevingar kring brettspel i grupper
Konstruksjonslek

5-6 år
Byrjande forståing for den analoge klokka
Kunne telje til ti
Kunne skrive enkelte siffer
Kunne følgje oppskrift med stønad frå vaksne
Nytte enkle arbeidsbøker og oppleve læringsglede



Etikk, religion og filosofi

Utan kroppen vår ville det ikkje eksistere moral, estetikk, religion eller filosofi. Ein ser dessverre at dagens miljøarbeid blant barn er preget av negativitet, bekymring og frykt. Slik er det ikkje i Breiflappen. Me skal lære å verte glade i naturen og ha tru på framtida. Me kallar det djupøkologi. Det å verte kjente med oss sjølv, vår fortid og framtid i naturen. Alt arbeid som verdset barns friluftsliv og glede er ein støttespelar i dette arbeidet. Vidare skal Breiflappen vere ein stad for barns ytringsfridom, kor ein får møte likskapar og ulikskapar med respekt og undring. Ein skal utforske både antroposentrisme og biosentrisme og verte kjente med oss sjølv og kvarande.

Etikk, religion og filosofi

Utforske mennesket si rolle i naturen

Oppleve undring og mangfald

Skape gode samtalar om tema som er viktige for born

0-2 år

Oppleve og praktisere grunnleggjande verdiar
Få hjelp til å setje ord på kjensler
Oppleve omsorg og nærliek
Lære å dele, inkludere, tilgi, takke og støtte

3-4 år

Få kjennskap til ulike tradisjonar
Drøfte konflikt og samarbeid
Utforske kjensler og dilemma
Lære å handtere utfordringar i kvardagen

5-6 år

Forstå bakgrunn for ulike høgtider
Møte ulike meiningar og møte ulikskapar
Ytre eigne meiningar og delta i problemløysing



Nærmiljø og samfunn

Lokal identitet er avgjerande i danninga av personlegdom og identitet. Stadig globalisering og materielt fokus eliminerer småsamfunn og fjerner lokal tilhøyring og kultur. Me skal verte kjente med samfunnet frå globalt via nasjonalt til lokalt nivå, men verdiane og hjarta vårt skal ligge i vårt lokale miljø på Moster. Me skal verte kjente med, glade i og stolte av heimstaden vår. Innan friluftsfilosofien er ein redd for at globalisering og teknologisk utvikling vil viske vekk lokalsamfunnet og den kulturbredda ein har i verda. Nordmenn identifiserer seg i større grad enn andre med naturen vår, og difor er friluftslivet ein naturleg arena for barnehagen. Olje, nobelpris og rikdom er ikkje det me presenterer når me snakkar om Noreg. Me snakkar om fjordar, fjell, skog, sjø og sunne, sterke og aktive folk. Som bømlingane seier: Driftige folk i vakker natur. Det skal vere Breiflappen.

Nærmiljø og samfunn

Vitje
sentrale
deler av
nærmiljøet

Delta i
demokrati

Delta i
planleggjing

0-2 år

- Møte med nærmiljø på lavt nivå
- Delta i fellesskapet i barnehagen
- Få settje ord på meininger og kjensler
- Verte tatt på alvor

3-4 år

- Oppleve eigarforhold til barnehagen
- Møte ulike lokale biotopar og lære å ta vare på dei
- Oppleve diskusjon og refleksjon kring samfunnet
- Få påverke kvardagen

5-6 år

- Oppleve lokalhistorie og utforske kulturell variasjon
- Få påverke samfunnet
- Få byrjande innsikt i rettiheiter og plikter
- Utforske si rolle som samfunnsborgar





Informasjon


Avdelingane

Me har to avdelingar, ein for dei minste og ein for dei største. Overgangen mellom desse avdelingane vert flytande for å sikre at barna alltid har trygge vaksne med seg og at dei er klar for ein større kvardag. Ein av visjonane bak barnehagen er at små barnegrupper og nære vaksne dannar grunnlaget for den beste utviklinga. Difor tar me i utgangspunktet berre inn seks barn av kvart årskull, og forsøker å dele desse jamt etter kjønn. Då vert både drift og kvardag svært forutsigbare for både tilsette, barn og foreldre.



Kråkebolla

Kråkebolla er avdelinga for barn frå 0-2 år. Her handlar kvardagen om grunnleggjande friluftsopplevelsingar tett på trygge, varme og gode vaksne - dei skal ta sine første skritt i naturen, sove i lavvo og hengekøye, oppleve matlaging på bål. Her er grunnrytmen det viktigaste, med forutsigbare dagar og pålitelege omsorgspersonar. Etter som dei veks vert opplevelingane tilpassa modninga, som til dømes ved bruk av kniv:



Det viktige er at dei små skal vekse opp i eit miljø kor dei vaksne er glad i naturen og friluftsliv skjer kvart augeblink. Me vil tilbake til røtene våre: Barn som veks opp i direkte kontakt med natur og klima.



Blekkspruten

Blekkspruten er avdelinga frå barn i alderen tre til seks år. Her opplever ein mykje større turar, både til fjells, i skogen og til sjøs. Me nyttar kroppen i alt me gjer, og filosofien bak drifta er at ein sterk kropp danner grunnlaget for friske sinn og varme hjarter. Heimplassen vår skal ha ein sentral del i kvardagen, difor skal me utforske både historie og moderne sider av øya vår.

Frå liten til stor

Det er ikkje lett å sette peikefingeren på akkurat når ein går frå å vere liten til å vere stor. Me trur denne overgangen er litt flytande, og difor legg me dette til grunn når me flyttar ungane mellom avdelingane. Dei fleste byrjar barnehagelivet sitt kravlande på Kråkebolla. Så kjem ord og dei større rørslene sakte men sikkert. For å skape ein trygg overgang som tek vare på både dei krypande og dei springande småtassane har me to vaksne som er øyremerka overgangen frå småbarn til stor avdeling. Det betyr at det året ungane fyller to år er dei Kråkeboller, som jamleg vert med dei Blekksprutane på tur. Men etter jul og dei er inne i sitt tredje år vert denne overgangen tydelegare - og når dei er klare flytter dei permanent over til stor avdeling. Dette skjer seinast i August året dey fyller tre. Slik sikrar me tilpassa friluftsliv for alle småbarn uavhengig av mobilitet og modning.

Oppstart

Oppstart i barnehagen kan vere litt skummel for både foreldre og barn. Men slapp av, dette har me gjort før! Når me vaksne framstår trygge vert barna trygge og. I forkant av oppstart har de allereie fått ein del informasjon, og me håper de har fått vore på besök.

Når eit nytt born skal byrja i Breiflabben brukar me å sei at det tar tre dagar å komme i gong, men dette kan ta både meir og mindre tid. Her er det viktigaste at de kjenner dykk trygge.

Den første dagen vert mor og/eller far med heile dagen. Denne dagen handlar om å verte kjende og trygge. Om det berre er ein eller begge foreldra som kjem er opp til dykk, men me synest jo det er kjempefint om me får bli kjent med begge i løpet av tilvenninga. Me anbefaler dykk å komme klokka 09:00 denne dagen, då er me alle vaksne på jobb og kan ta best mogleg i mot dykk.

Den andre dagen i barnehagen gjennomfører me ein oppstartssamtale, medan barnet kan prøve seg litt aleine med dei flinke vaksne me har. Då går me gjennom informasjon om barnets helse og heimesituasjon, samstundes som me tar opp alle spørsmål de måtte ha - slik at me veit litt meir om kvarandre. Me fyller og ut godkjenningar i kidplan, slik at me kan ta bilet og ha med barna på turar. Dette må de nemleg godkjenne.

Den tredje dagen byrjar me å vurdere om barnet kan vere meir aleine i barnehagen. No gjer me saman ei vurdering om vegen vidare. Det kan vere vanskeleg for dykk å overlate barnet i barnehagen, men vår erfaring er at dette alltid går seg til. Om det vert ei vanskeleg avskjed sender me gjerne ein mms eller snap om korleis det går.

Kosthald

Dei vaksne i Breiflabben er gode førebilete og deltar i måltida - rundt bordet skjer svært mykje viktig utvikling. Me skal oppleve matglede, meistring og variasjon.

Minst 60% av næringa barn inntar får dei i barnehagen, og kosthaldet står difor i sentralt i pedagogikken vår. Me skal delta i matlaging, og ha ein meny som dekkjer heile barnet. Me tek sikte på at alle måltid består av 1/3 kjøt (helst fisk eller kylling), 1/3 grønt og 1/3 karbohydrata (korn, ris, pasta, etc.).



Frukosten skal vere variert og sunn. Her har me graut, ferske og heimelaga bakevarer, frukostblandingar og anna. Lunsjane våre er varme, og i den grad det er mogleg skal barna delta i tilberedning. Til fruktmåltidet satsar me på mykje grønt, både frukt og grønsaker, og i tillegg byr me på knekkebrød og liknande.

Sikkerheit

Den beste kjelda til sikkerheit får ein gjennom kompetanse. Både for barn og vaksne. Det er viktig for oss at ungane skal få prøve seg ut. Me nyttar knivar, klatrar i fjell og tre, køyrer båt og nytter mykje tid ved sjøen. Me vaksne fokuserer på å ha ro, slik at ungane får utfordre seg. Me har årlege kurs som er skreddarsydd til drifta vår, og gjer jamlege risikovurderingar av det me held på med. Gjennom PBL har me eit digitalt HMS-system kalla PBL Mentor. Her gjer gjennomfører me alt HMS-arbeidet vårt.

Barna skal og verte bevisste på sikkerheitsmoment i kvardagen, gjerne på eit vis som er tilpassa deira liv. Me har knivkurs og brannvernskurs for barna og nyttar ulikt sikkerheitsutstyr.

Foreldresamarbeid

Me har to foreldremøter i året. I januar har me eit stormøte kor me presenterer årsplanen og går gjennom satsingar, prosjekt og drifta vår som barnehage. Her vel me og kven som skal sitje i Samarbeidsutvalet. I september har me eit foreldremøte for avdelingane kor nye foreldre får ein introduksjon til avdelinga og sjølvsagt oppdateringar kring drifta.

To gonger i året (oktober og april) får de tilbod om foreldresamtalar, Her nyttar me eit samtaleskjema som vert lasta opp i barnemappene i mentor (som kun er for det individuelle barnet og oss i barnehagen). Me definerer målsettingar saman med dykk, slik at me sikrar at alle vert sett.

Kvar veke får de oppdaterte vekeplanar på kidplan, medan ein gong i månaden sender me ut månadsbrev med viktige datoar og informasjon om månaden som kjem. Alt dette vert publisert på tavla i kidplan, via e-post og sms.

I barnehagen har me eit samarbeidsutval beståande av to foreldre og dagleg leiar. Oppgåvane til Samarbeidsutvalet (SU) er å vere bindeledd mellom foreldre og barnehage, særskilt i saker som er vanskelege. SU skal og godkjenne årsplan og har etter etterspurnad frå foreldra fått ansvar for å koordinere dognadsarbeid. Fellesskapet og samhaldsånda i Breiflabben er sterkt!

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Alle barn har eigne barnemapper kor me lastar opp relevant informasjon, her er det kun foreldre og enkelte vaksne frå barnehagen som har tilgang. Alle biletet me tar vert dagleg lasta opp i kidplan, og her må de sjølv hente ut dei biletet de vil ta vare på.

Me har fem planleggingsdagar i året, og desse vil verte annonserete i god tid - for då stenger barnehagen. Desse dagane nyttar me til kursing og anna naudsynt arbeid i barnehagen. Me har avdelings- og personalmøte kvar månad, og her vert mykje av planlegging og vurdering gjort. Her nyttar me ulike verktøy, som til dømes PBL Mentor, eigenutvikla planskjema, TRAS, og liknande. Bømlo kommune nyttar og stafettloggen, som sikrar godt samarbeid mellom dei ulike institusjonane som omgir barna. Det betyr at med ein gong de foreldre eller me vaksne i barnehagen har ei bekymring byrjar me eit digitalt samarbeid kor relevante fagpersonar kan koplast på.



Skulestart

Det siste året i barnehagen er eit spesielt år. Dei eldste i barnehagen får gå i skuleklubb frå januar til juni. Når sommaren kjem har me sommarfest, då blir det ein fin avslutningsseremoni for dei som skal på skulen. I skuleklubben leiker og jobbar me med ting me treng å lære oss før skulestart. Me treng ikkje lære oss å lesa og skrive her. I barnehagen nyttar me tida til å leike med språket. Me vert interessert i å lære oss meir, lærer å rekke opp handa og lytte. Me øver på å knytte sko, gå på do, pakke sekk og kle på oss.

Men det aller viktigaste me lærer er å vere saman med andre.





Utviklings- og satsingsarbeid

I løpet av 2022 skal ungane i Breiflabben verte kjent med forfedrene sine på Moster: Kystbøndene! Me skal dyrke store mengder nyttevekstar i Vikinghagen med fokus på berekraft, gjenbruk og harmoni. Næring til plantene skal me skape gjennom kompostering og innhenting av dei materiala ein tradisjonelt nyttar i åkeren: Tang og tare. Me skal følgje plantene frå frø til jord og så på bord.

Heile vegen er det å fysisk involvere borna i arbeidet svært viktig. Sansane sit i førarsete: Lukt, smak, fargar, teksturar og konsistensar – både på jord og vekster.


Kråkebolla og Draumehagen

Kråkebollene skal lage sin eigen vesle hage kor dei skal plante blomar ein kan eta, samt urter og anna som går i kassar og potter. Her er fokuset å skape ein tilgjengeleg stad med vekstar ein fritt kan smake på og utforske. Me kallar det Draumehagen. Her står gammen dei skal sove i, og utanfor skal me skape eit eldorado av fargar, lukter og inntrykk. Me skal byggje levande og spiselege hytter kor ungane kan göyme seg vekk. Me vil byggje rom til ei kanin eller to og skape ein stad for både aktivitet og ro.

Blekspruten og Vikinghagen

Bleksprutane skal etablere eit planterom til forkultivering og pleie åkeren i vikinghagen. Her skal ein drive med vekstskifte i åtte mindre åkrar kor avsetning og opptak av ulike næringsstoff kjem plantene til nytte. Om planta som veks i åkeren det eine året slepp frå seg mykje nitrogen ned i jorda (som erter og bønner) vil me neste år ha på plass grønsaker som kan dra nytte av dette (eksempelvis potet, gulrot og kålvekster). Målet for vikinghagen er at gamal kultur skal møte natur. Me grep vår eigen åker, lager levande tunellar av pil, byggjer jordkjellar og lærer om dyrking, stell, hausting og lagring av vår heilt eigen mat.





Heidi Neologus
Bathyscaphe

Breiflabben Barnehage

Breiflabben Barnehage er ikkje ein stad eller ein idé...

Breiflabben er oss. Me vaksne som jobbar her, barna som veks opp her og ikkje minst foreldra som gir oss tillit til å ta vare på det kjæraste de har i verda.

